



Studentrådet SU

REFERAT

Studentrådet SU sitt møte 28.08.18 kl 16.15 på Dragvoll

Møteleder: Åste Solheim Hagerup
Ordstyrer: Erlend O. Nilsen
Referent: Karoline Abildsnes

Studentrådet SUs medlemmer:

FTV A	Karoline Abildsnes
FTV B	Lars Bjørnar Vist
FTV D	Åste Solheim Hagerup
FTV C	Erlend Oldebråten Nilsen
GEO	Vibeke Uthaug
SOSANT	Lone Bergland Christoffersen
ISS	Iver Matias Linge Glomnes
ISS	Mathilde Breda Enkerud
ISA	Kristina Ekhorn
ISA	Patrycja Agnieszka Sudol
ISA	Ingvild Flornes Rustad
PSYK	Aase Martens
PSYK	Ida Maria Brennhaugen
PSYK	Anette Bach Haugen
HTV SU	Brage Lauten
ILU	Kristian Vinnelrød
ILU	Camilla Sagelv Øyen
ILU	Torkil Seljestokken

Meldt fravær:

GEO	Victoria Thorgersen
IPL	Magnus Landheim

Ikke møtt:

SOSANT	Maria Victoria Silva
ISS	Trine Øverås
IPL	Simen Aakre
IPL	Steffi Schenzle

Observatør:

Styret	Siri Arnesen
Studenttinget	Sindre Kristian Alvsvåg

Første del av møtet var holdt saman med Studentrådet HF, der Helsesøster frå Sit var til stades for å informere om deira tilbod til studentane. Følgande referat gjeld berre andre del av møtet, og dermed berre Studentrådet SUs saker.

Konstituering av møtet

Innkallinga vart godkjent.

Møteleiar, ordstyrar og referent valt.

Saklista er godkjent.

SU-sak 21/18 Møtedatoar for hausten 2018

Det leggst til at møter *kan* bli avlyst dersom FTVane til dømes finn at der ikkje er tilstrekkeleg mengd saker å behandle til eit møte. Dette vil i så tilfelle bli varsla om.

Vedtatte møtedatoer er: 11/9, 25/9, 9/10, 23/10, 6/11, 20/11 og evt. 27/11

SU-sak 22/18 Pedagogiske komitear hausten 2018

Erlend informerer. Følgande vert oppnemnt til vurdering av pedagogisk kompetanse ved tilsetjingar i undervisings- og forskingsstillingar hausten 2018:

Iver (ISS), Camilla (ILU), Victoria (GEO), Brage (Lektor), Patrycja (ISA), Åse (PSYK) og Lone (SOSANT).

SU-sak 23/18 Høyring om arealkonsept for NTNU

Åste presenterer saken i korte trekk. Vi jobbar i workshop med fem ulike tema for å gi tilbakemelding på utkastet for arealkonseptet for NTNU. Høyringssvar i eige dokument.

SU-sak 24/18 Val av kurshaldar for referansegruppekurs

Kamilla som har vore kurshaldar for HF er på møtet for å informere om jobben. HTV Brage Lauten melder seg til å bli kurshaldar. Vedteke ved akklamasjon.

SU-sak 25/18 Eventuelt

Minner om tillitsvalgtkonferansen 14. september.

Evaluering av møtet

Møteplan vart ikkje formelt vedteke i SU-sak 21/18. Den vert vedteke.

Øvrige innspel vert teke til etterretning.

Åste Solheim Hagerup
møteleder (sign.)

Karoline Abildsnes
referent (sign.)



Studentrådet SU

Til:	Studenttinget
Frå:	Studentrådet SU
Kopi til:	
Gjelder:	Høringssvar om arealkonsept for NTNU Campusutvikling
Saksbehandlar:	Karoline Abildsnes

Dato:	29.08.2018	Signatur:		Arkiv:	10/18/2.4/KA
-------	------------	-----------	--	--------	--------------

Saken har vert på høyring i Studentrådet SU 28. august 2018. Vi har valt å sortere innspela etter fire kategoriar: Kontorareal, byggeklossar, fagland og element frå eksisterande campus. Studentrådet SU har følgande innspel:

1. Kontorareal

Vi ser på det som ønskeleg og ein viktig faktor at forelesarar og forskarar har eigne kontor. Dette fordi der er utfordringar knytt til opne landskap når det gjeld studentar å ta kontakt med forelesarar/rettleiingar. Vi har ei oppfatning om at begge partar ønsker å bryte denne terskelen. Då vert opne kontorlandskap eit steg i feil retning. Studentane skal ha moglegheit til å møte med forelesar eller rettleiingar i konfidensialitet. Plassering av kontorareal bør også vere tenkt med hensikt om å senke terskelen for studentar å kome i kontakt med dei tilsette på; i nærleiken av der studentane ofte ferdast. I omsyn til avgrensa disponibelt areal, kan det likevel vere mogleg med opent kontorlandskap – dersom studentar framleis har naudsynt tilgang til forelesar/rettleiingar, for så å kunne møtast i lukka rom som er plassert i umiddelbar nærleik. Eit alternativ er å ha ringeklokker til kvar enkelt forelesar som lyser når nokon ringer på. Vi meiner ein til lengst mogleg grad bør unngå venterom/kø for å nå forelesar/rettleiingar. Undersøkingar viser at opne kontorlandskap ikkje er fordelaktig. Alle kontor bør også ha vindauge.

2. Byggeklossar

Når det gjeld byggeklossen *scene*, er det kriterium med god akustikk og kvalitet på lyd. Det må også vere tilstrekkeleg sitjeplassar med tanke på storleik på klassar og kull. Romma bør vere eigna til

fleksible undervisningsformer i dei ulike faga. Ventilasjon er alltid viktig – gjerne med moglegheit for å opne vindauge eller dør ut.

Byggjeklossen *leirbål* verkar for å fungere godt når det gjeld seminar og kollokviearbeid, men ikkje i dei meir tradisjonelle forelesingssituasjonane. Leirbål bør ikkje gå på kostnad av «huler», og heller ikkje forelesingssalane. Vi ser for oss ei potensiell utfordring med tanke på akustikk, eksempelvis dersom fleire grupper skal jobbe samtidig i same rom. Dette bør det bli teke høgde for.

Hule kan med fordel vere både med og utan avlukke, og straum må vere tilgjengeleg på alle. I ein slik type byggkloss bør temperatur vere enkelt å regulere, og med gode moglegheiter for lufting så vel som god belysning. Vi ser på ein moglegheit for å booke lesesalplass som ønskeleg. Hulene bør vere lydisolerte og skilt bort frå leirbål, vannpost og scene.

Tittelen på byggjeklossen *vannpost* er ikkje tilstrekkeleg forklart. Det er ønskeleg at denne vert sett som meir uformell byggkloss, der ein både har moglegheit for å vere saman med andre men også å trekke seg tilbake og vere åleine. Her ser vi på det som viktig at ein har tilgang på snacks og drikke også utanfor opningstidene til Sit sine caféar. Døme på uformell og komfortabel sitjeplass er sofagrupper.

Som ein meir generell kommentar på denne kategorien, meiner vi byggjeklossar til drift av god studentfrivilligheit er ekstremt viktig – og ein prioritering som absolutt bør kome meir tydeleg fram av eit slikt forslag til arealkonsept.

3. Fagland

Studentrådet SU ser det som gunstig å plassere relevante studium i felles fagland. Faglanda kan vere avgrensa med små «land» mellom, for å knyte relevante emner. Ei avgrensing mellom årstrinn 1-3 og 4-5 kan verke ekskluderande, og skadeleg for samarbeid og overgangen frå til dømes 3. trinn til master. Vi ønsker likevel opent campus framfor fagland, fordi trykket i dei ulike fagmiljøa kan vere på ulike punkt. Dette kan føre til mindre brukte areal nokre plassar, medan andre vert overfylte. Det vil vere meir fordelaktig å samlokalisere relevante fagmiljø, framfor å sperre av areal for visse studentgrupper. Fagland som høyrer til ulike institutt, der alle studentar har tilgang, men ansatte/studentar knytt til instituttet har prioritert booking i kjernetid kan vere ei god løysing.

4. Element frå eksisterande campus

Campus Dragvoll har ein god infrastruktur på den måten at «gata» fungerer som eit naturleg møtepunkt for studentane å ferdast. Det er også enkelt å orientere seg utifrå dette møtepunktet. Dette gjeld også campus Kalvskinnet, der vrimleareal er eit naturleg samlingspunkt å gå ut ifrå. Det må leggast fokus på tilrettelegging for ulike funksjonshemmingar. Renovasjonssystemet med godt plasserte miljøstasjonar bør vidareførast. Det vil også bli viktig, særleg med ein campus i den aktuelle skalaen, at studentar føler tilhøyrse og eigarskap til campus, eller identitetsareal på avgrensa område av campus.

Det er ønskeleg med fleire masterplassar, samt stille arbeidsplassar. Kantina, som fungerer som eit sosialt møte- og pauseområde bør sørge for å ha tilstrekkeleg areal for at studentar har ein stad der dei får nyte lunsjen sin. Det bør tilretteleggast for bruk av teknologi på campus, på alle områder. På ein campus i ein slik storleiksskala vil det vere viktig med god skilting og logisk plassering av til dømes administrative rom og hjelpeorganisasjonar (t.d. studentråds kontor, helsesøster, NTNU karriere og tilretteleggjingsstenesta). Slik kan også nye studentar få umiddelbar nærleik og tilgang til det dei treng i starten av året – noko som i seg sjølv kan fungere som ein tryggleiksfaktor. Også plassering av sanitæranlegg bør vere planlagt i områder som er naturleg for folkemassen å passere. Slik unngår vi at sanitæranlegg som ligg meir bortgjømt står ubrukt medan andre, meir tilgjengelege, vert overfylte.